


Søknad om midler til grøfting – Ones gard bruk 2 – 2020

Søknaden omfatter tre områder med behov for grøfting. Alle områda skal brukast som beite og grøfting trengs for å intensivere kampen mot ugras og særlig lyssiv. Planen er då å legge noko av det om, økt bruk av pussing og gjødsling.

Store deler av desse områda i dag er blaute og langt på veg overtatt av lyssiv. Dei gir lite kvalitet tilbake til gardsdrifta og er dårlig ivaretatt som kulturlandskap. Dette har skjedd gjennom ei årrekke utan drift på garden.


Etter at me tok over i 2016 så har me grøfta den søredelen av Svinemyra og no ønsker me å ta dei neste teigane.

- ➔ I tillegg til dei tre areala som me treng og ønsker å drenere så søker me om tilskudd til skogsveg/gardsveg ifbm arealet på gardflormyra.




Garden


Oversiktsbilde over garden;



Dagens utnyttta areal markert i svart;



Ønska utnytta areal i framtida:



Slik ser me for oss å utnytta garden sine ressurser best mulig.


- Grøfte og drenere eksisterande marker (denne søknad)
- Det må lagast ein vei frå den oransje vegen som eksisterer i dag og fram til det grønne enden med skog, for foringhus og start vei skoguttak. (vegen bør tas samtidig som grøftinga i denne søknad)
- Noko nye gjerder må settast inn på indre del av garden for å ramme inn teigene mot foringhuset (nokre av desse gjerda har me fått SMIL midlar til)
- Ryddig og inngjerding av utmarka/skog.



1. Gardflormyra

Her ønsker me å ordne opp i gamle grøfter og så må me truleg lage nokon nye også. Dette er eit stor areal som tidligere har vore ei fin slåttemark, no skal me ha det som eit godt beite.

Det er mogleg at det må sprengast noko for å få til ei ideell grøfteløysing.



Samtidig som me gjer denne jobben så ønsker me å lage veien som trengs for å både kunne nå ut til skogen for å ta ut skog, rydde skog til beite og lage til rette for mogleg foringshus og sorteringsanlegg som tidligere bilete. Dette er ein plan me har hatt over tid, og har diskutert med landbruket i kommunen. Denne første delen av vegen bør me ta med oss samtidig som me grøfter, det vil være en god del av grøfteløysinga.

Hovedgrøfta (mot sjøen) ligg fint til for drenering av nye beiteareal når me rydder skog utover. Her i starten er mykje småskog som me skal tynne for å få beiter, me håper å få til noko stikkgrøfter innimellom her for å gjere det mindre bløtt og betre forhold for ønska vekster.

Truleg vil det være nødvendig med ei god avskjæringsgrøft mot nabogarden (grønt) grunna fall og sig mot marka vår.

2. Nordre del av svinemyra

Den søndre delen blei tatt for 3 år sidan om lag. No må me ta norddelen og koble oss på eksisterende grøfter (oransje). Her sprengte me ut utløp i 2017, så det skal la seg drenere på ein bra måte.

Deretter er planen å brakke, så på nytt og så fremover har det som et bra beite som kan pussast og gjødslast på ein god måte.



3. Sjøstykket

Her har lyssivet og ugraset tatt heilt overhand. Me har rydda mykje skog her dei siste åra og ser behov for nokre grøfter for å lede vannet vekk.

Deretter planlegg me å jobbe opp igjen beitekvaliteten på stykket.

Det kjem mykje vann her frå Svinemyra på oppsida (oransje hovedgrøft nede til venstre i bildet), det må vi fange opp på en god måte.

Utløpet i nedre del ved naustet er etablert frå før.

